



Notat

Dato: 2. mai 2019
Arkivsak: 2018/15021 2-
Saksbehandlar: Matti Torgersen

Til: Utval for miljø og samferdsel
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Finansiering av Ringveg aust

Bakgrunn

Med dette notatet orienterer fylkesrådmannen om vidare prosess knytt til finansiering av Ringveg øst gjennom Byvekstavtale og Nasjonal transportplan.

Ringveg øst i proposisjon om bypakke Bergen

Melding St. prop 11 S (2017-2018) Finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland omtaler Ringveg øst slik:

«Ringveg aust omfattar tre store riksvegprosjekt: E39 Rådal – Arna, E16 Arna – Vågsbotn og E39 Vågsbotn – Klauvaneset. I Meld. St. 33 (2016–2017) Nasjonal transportplan 2018–2029 er prosjekta E16 Arna – Vågsbotn og E39 Vågsbotn – Klauvaneset prioriterte i siste seksårsperiode. Prosjektet E39 Rådal – Arna er ikkje prioritert. Ein framtidig Ringveg aust vil kunne vere eit viktig bidrag til å styre gjennomgangstrafikk utanom sentrale delar av Bergen sentrum, og leggje til rette for endå sterkare satsing på kollektivtrafikk, sykkel og gåing i desse områda. For at delar av trafikken skal velje å køyre rundt byen, er det nødvendig å sjå bomtakstane for ringvegen og bypakka i samanheng. Med eit bidrag frå bomringen i Bergen vil bomtakstane på Ringveg aust bli lågare, og på den måten kan det sikrast at mest mogleg trafikk blir leia utanom sentrum. Storleiken på bidraget må vurderast nærmere når det ligg føre meir detaljerte opplysningar.»

Gjeldande byvekstavtale mellom staten, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vart inngått i 2017 og gjeld for perioden 2017-2023. I gjeldande avtale er dei økonomiske rammene og føringane i NTP 2014-2023 lagt til grunn. På grunnlag av Stortinget si handsaming av Meld St. 33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029 pågår det no reforhandlingar av gjeldande avtale.

Miljøløftet er samlebetegnelsen på byvekstavtalen og den nye bompengepakken i Bergen. Det blir utarbeida handlingsprogram til Miljøløftet. Gjeldande handlingsprogram er for perioden 2018-21, og det blir lagt opp til årlege revisjonar.

Ringveg øst i NTP 2018-29

I NTP 2018-29 er utbyggingskostnaden til E39 Vågsbotn – Klauvaneset sett til 5,4 mrd kr, der 3,9 mrd kr. er statleg løyving og 1,5 mrd kr er bompengar. Det er lagt inn 0,3 mrd som oppstartsløyving i slutten av planperioden, der 0,2 er statlege løyvingar og 0,1 er bompengar.

E16 Ringveg øst, Arna – Vågsbotn er kalkulert til 4,5 mrd i utbyggingskostnad, av dette er 2,2 mrd statleg løyving og 2,3 mrd er bompengar. Prosjektet er i sin heilskap føresett bygd i 2 periode (2024-29).

Lokalt har ein signalisert eit behov for å bygga delstrekninga Vågsbotn-Klauvaneset først. Samferdselsdepartementet har i svar til Stortinget om spørsmål knytt til NTP 2018-29, grunngjeve prioritering av strekninga Arna-Vågsbotn framfor Vågsbotn-Klauvaneset med at det skal byggjast 4-felts veg på strekningen E16 Trengereid – Arna. Strekninga Arna – Vågsbotn vil med dette stå fram som eit markert standardbrot om dette prosjektet ikkje blir gjennomført.

Samferdelsministeren har likevel gitt signal om at denne prioriteringa kan endrast.

Status for planarbeidet for Ringveg øst

Strekninga E39/E16 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset blir planlagt i ein heilskap i ein felles plan. Silingsrapport og planprogram for Ringveg øst er sendt over til Bergen kommune for å leggjast ut til offentleg ettersyn og høyring. Planprogrammet omfattar dei moglege traseane som skal utgreiast vidare. Neste planfase blir å utarbeide kommunedelplan med val av endeleg trase som skal regulerast. Den vidare planprosessen vil ta nokre år, og Statens Vegvesen har anslått mogleg byggestart i 2025. Det er likevel avhengig av at prosjektet blir prioritert i Nasjonal transportplan 2022-33.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Gjeldande byvekstavtale og gjeldande handlingsprogram for Miljøløftet omtalar ikkje finansiering av Ringveg øst.

Den vidare prosessen for finansiering av Ringveg øst skjer i fleire trinn. Dei endelige kostnadsutrekningane for Ringveg øst vil skje gjennom kommunedelplanen. Kostnadsutrekningane her vil vere eit grunnlag for å vurdere den vidare finansieringa av prosjektet gjennom Nasjonal Transportplan 2022-33.

Nasjonal transportplan 2022-33 vil ta stilling til både prioritiseringsrekkefølgje mellom delstrekningane på Ringveg øst, og til omfang av statleg finansiering. Nasjonal transportplan skal handsamast av Stortinget våren 2021. Før den tid skal det skje ein prosess med fylkeskommunane, der fylkestinga skal kunne uttale seg om prioriteringane.

På grunnlag av vedteken Nasjonal transportplan 2022-33 skal det utarbeidast ein ny byvekstavtale med staten. Det må i desse forhandlingane takast stilling til finansiering av både vidare utbygging av bybanen i Bergen og Ringveg øst. Endeleg vedtak av finansiering for begge desse prosjekt vil gjerast av Stortinget gjennom ein stortingsproposisjon.